

Løkeland Eiendom AS
v/Tor Løkeland

6985 Atløy

Svar på førespurnad om økonomisk stønad - Fiskerikai Herland hamn Atløy, Askvoll kommune

Syner til e-post datert 20. desember 2013 og seinare telefonsamtale med Jan Heggheim.

Vi ser utbygginga av djupvasskai på Herland Hamn som eit viktig prosjekt, både for di bedrift og også for næringslivet elles i kommunen. Vi er difor svært nøgde med at Kystverket går inn med 50 % finansiering av utbygginga.

For å svare direkte på fylkeskommunen sine moglegheiter til å gå inn med økonomisk stønad i dette prosjektet, kan vi diverre ikkje love støtte.

Det er ikkje vanleg at vi nyttar midlar til denne typen infrastruktur for næringsutvikling, sjølv om dette ikkje er ein regel utan unntak. T. d. er fylkeskommunen inne med midlar til tilrettelegging av industriareal i samband utbygginga av Kalvøya Fiskerihamn i Bremanger. Det er likevel stor forskjell på desse prosjekta. Bremanger kommune prioriterer satsinga på Kalvøya høgt, både med ressursar til prosjektleiing og kapital. Nemner t.d. at Bremanger kommune støtter tilrettelegginga av industriareal med kr. 17,9 mill. (69 % av totalsum). Samtidig er dei inne med 50 % finansiering av Fiskerihamna (kr. 33,5 mill.). Diverre ser det ikkje ut til at Askvoll kommune finn å prioritere støtte til prosjektet på Herland.

Fylkeskommunen har fått sterk avkorting av sine midlar til regional utvikling frå og med 2014. Vi reknar med at denne utviklinga held fram i 2015. Dette fører til endå strammare prioriteringar frå vår side. Summar i den storleik som vert skissert i e-posten ligg utanfor vår rekkevidde.

Vi har sett nærare på vedtektene knytt til «Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane» (desse er lagt ved). Vår vurdering er at dette prosjektet vert «på sida» av det som fondet finn å kunne støtte. Fondet er midlar frå havbrukskonsesjonar (laks og aure) og skal direkte eller indirekte stø opp om denne næringa.

Vi beklagar at vi økonomisk ikkje kan kome deg i møte på dette viktige prosjektet.

Med helsing

Jan Heggheim

Lena Søderholm
fagkoordinator havbruk/fiskeri

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Vedtekter Marin Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane